

Fra: Reistad Idar (idar.reistad@vegvesen.no)

Sendt: 26.04.2018 13:57:36

Til: Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi: Søderholm Gunnar; NORDVK@banenor.no

Emne: Vossebanen og E16, varsel om oppstart statleg planarbeid, planprogram på høyring

Vedlegg: Planprogram_E16 og Vossebanen_på høring_26.04.2018.pdf; Statlig reguleringsplan E16 og Vossebanen Arna - Stanghelle - planprogram til offentlig(1556392).pdf

Vossebanen og E16 Arna–Stanghelle, varsel om oppstart av statleg planarbeid

Statens vegvesen og Bane Nor skal i samarbeid lage ein statleg reguleringsplan med KU for Vossebanen og E16 mellom Arna og Stanghelle. Dette er varsla i lokale og regionale media, i tillegg er det lagt ut på våre internettsider.

Planprogrammet som ligg til grunn for arbeidet, er lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 27. april til 6. juli 2018, og vi ber om innspel til dette.

Tilrådd alternativ er ny fire-felts veg frå Asko i Arna til Trengereid. Vidare to-felts veg til Helle like nord for Stanghelle. Det vert lange tunnelar og vegkryss på Trengereid, Vaksdal og Helle. Jernbanen går med dobbeltspor frå Arna stasjon til Vaksdal og vidare til Stanghelle. Stasjonar vert det på Vaksdal og Stanghelle. På Vaksdal skal det utgreiast to alternativ.

Vi ber om synspunkt, innspel til planprogrammet eller andre relevante opplysningar innan 6. juli 2018.

Adresse for innspel/merknader: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER, eller e-post: firmapost-vest@vegvesen.no

Merk: Vossebanen og E16 Arna-Stanghelle

Meir informasjon om planarbeidet er å finne på eiga nettside: www.vegvesen.no/e16banearnastanghelle

Her er det og interaktivt kart over planområde og tilrådde alternativ.

Med helsing
Idar Reistad

Seksjon: Planseksjonen

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER

Kontoradresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN

Telefon: +47 55516356 **Mobil:** +47 41652062 **e-post/Skype:** idar.reistad@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?